



E39 Eiendom AS  
c/o Hobby Boat AS Øyna 1  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/170 - 18/21918

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
05.07.2018

## Avslag på søknad om redusert gebyr for oppføring av verkstad og lagerbygg - gbnr 212/134 Eikanger øvre

### Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: E39 Eiendom AS  
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS

### Saksutgreiing:

Saka gjeld klage/søknad om redusert gebyr i samband med søknad om rammeløyve for oppføring av lager og verkstadbygg mottatt her 13.06.2018.

Det vart gjeve rammeløyve for oppføring av verkstad og lagerbygg i vedtak datert 15.05.2018. I samsvar med Lindås kommune sin gebyrforskrift vart det sendt ut gebyr på kr. 178 150,-. Gebyret for bygg for næring/industri går fram av punkt 10.2.2. i Lindås kommune sin gebyrforskrift for 2018.

### I søknad om redusert gebyr står det:

Klage på gebyr for saksbehandling & gebyr i samsvar med nyetablering

Eg har sendt en mail til byggesaksavdeling & avdeling på vann i tidligere henvendelser angående kostnader fra kommunen sin side med nyetablering av bygg på Eikanger.

Vi har nå mottatt faktura på 182.850,-. Som vi har fått beskjed fra byggesak at er riktig i henhold gjeldende gebyrforskrifter, men vi mener fremdeles at det er grunnlag for en total vurdering av saken.

Eg har sjekket kjøpt tilsvarende kostnader i Radøy kommune (finner kun plan for 2017) & Austrheim kommune. De tar henholdsvis 13.100/11.500 og 6 kr pr m<sup>2</sup>. Noe som utgjør en forskjell på mellom 148.840 & 150.410,-. Det er enorme forskjeller for en tilsvarende saksbehandling. Det heter seg også at disse kostnadene skal i utgangspunktet dekke kommunen sin selvkost om eg har forstått det riktig.

Samtidig så stusser vi felt over kostnaden med tilknytningsavgiften når vi skal koble til vann og avløp. Dette vil forløpe seg til en kostnad på ca. 300.000. Her har eg ikke sjekket med de nærliggende kommunene hva de tar, men det er et bygg som omtrent ikke trenger tilgang til vann i det hele tatt og det kommer til å bli minimalt brukt. 200 m<sup>2</sup> er et dødt lager uten produksjon.

Totalt så vil de kommunale kostnadene med en oppføring av bygg overskride en halv million som er en stor kostnad i et slikt prosjekt. Eg føler at det er utrolig næringsfiendtlig og gjør det vanskelig for oss å skape arbeidsplasser og inntekter for kommunen på sikt.

Eg stiller også spørsmål om hvilke gebyrregulativ dere kommer til å ta i bruk når den nye storkommunen Alver skal i gang.

Vi håper at dere kan se på saken og se på en total vurdering og se om det finnes grunnlag for en fornuftig prising på et selskap som prøver å skaffe både arbeidsplasser og inntekter på sikt.

Lindås kommune tolkar klagen/søknaden som ein søknad om reduksjon av byggesaksgebyret i saka.



**Vurdering:**

Gebyret som er gjeve i saka, både for byggesaka og gebyret for tilkopling til kommunalt vatn, er gjeve med heimel i gebyr- og betalingssatsane for Lindås kommune. Gebyra er vedtatt av kommunestyret 14.12.2017 for Lindås kommune i 2018.

I gebyrforskrifta for teknisk forvaltningsteneste (byggesak) punkt 4.9 står det

*«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngeiven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»*

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggjast til grunn i tilsvarande saker.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det skal førast opp same type bygg med tilsvarande bruk. Vi kan ikkje sjå at det er eit relevant moment at gebyret skil seg frå gebyret som nabokommunane har. Gebyra er bygd opp ut i frå dei utgiftene kommunane har ved sakshandsaming av ulike typer saker og dette vil vera ulikt mellom kommunane, samt at det er opp til den einskilde kommune i kva grad gebyret skal dekkja dei tenestene som kommunen har.

Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker.

På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast i denne saka.

**VEDTAK:**

**Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. i Lindås kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/170**

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hobby Boat AS

Øyna 1

5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

E39 Eiendom AS

c/o Hobby Boat AS 5913  
Øyna 1

EIKANGERVÅG